



Margit Lund Myklebust orienterte om MYKLE mikrobryggeri på OSKA går kveld

Margit Lund Myklebust hadde eit interessant innlegg om Mykle mikrobryggeri på OSKA i går kveld. Saman med mannen Reinhard frå Stord startar ho lokalt bryggeri i Omvikdalen. Reinhard er siviløkonom, sjølv har ho bakgrunnen sin frå reiseliv og begge flytta frå Bergen til Kvinnherad for å overta gardsbruk og byggja opp ei verksemd.

Med støtte frå Inovasjon Norge til forprosjektet og noko lokal støtte til etableringa er dei no snart klar til oppstart. Alle formelle løyve skal vera på plass innan juni månad. På bruket deira i Omvikdalen vil det vera gardsbutikk.

Med ein bryggekjel på 500 liter og 6 gjeringstankar på 625 liter kvar ligg alt vel til rette for produksjon av 6 øltypar.

Mykle vil bruka lokale råvarer for å få den rette smaken. Sunnhordland er salsområde i fyrste omgang. Margit legg vekt på at for å lukkast må ein ha kunnskap, vilje og struktur. Å vera ein av Rosendal og Folgefonna som merkevarenamn, er ein klar fordel.

Mykle mikrobryggeri er alt på Facebook. I helga vil ein publisera eiga heimeside.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland